



# Fedje kommune

## Innkalling av Ungdomsrådet

**Møtedato:** 03.02.2020  
**Møtestad:** Møterommet på NAV  
**Møtetid:** 17:00 - 18:00

Eventuelle forfall må meldast til Signe Råheim per tlf. 56 16 51 09, sms til 458 19 536 eller per epost til [signe.raheim@fedje.kommune.no](mailto:signe.raheim@fedje.kommune.no)

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

### Sakliste

Saknr	Tittel
001/20	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
002/20	Innstilling av medlem frå Austrheim vgs
003/20	Godkjenning av møtebok
004/20	Referatsaker
005/20	Bussruter
006/20	Ope hall
007/20	Skuret på fotballbana
008/20	Tilbod om Street Dance
009/20	Nytt arrangement

28. januar 2020

Frida Herøy  
møteleiar

Signe Råheim  
sekretær



## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Signe Råheim	FE-033	20/70

Saksnr	Utval	Type	Dato
001/20	Ungdomsrådet	PS	03.02.2020

**Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

**Saksutgreiing:**

**Forslag til vedtak:**

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.



## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Signe Råheim	FE-033	19/461

Saksnr	Utval	Type	Dato
023/19	Ungdomsrådet	PS	19.11.2019
002/20	Ungdomsrådet	PS	03.02.2020

### Innstilling av medlem frå Austrheim vgs

#### Saksutgreiing:

##### Bakgrunn

Vedtektne til ungdomsrådet seier at det skal vere ein representant i ungdomsrådet frå Austrheim vidaregåande skule.

##### Vurdering

Folkehelse  
Miljø  
Økonomi

##### Konklusjon

Ungdomsrådet innstiller ein elev ved Austrheim vidaregåande skule til å verte medlem i ungdomsrådet.

#### Forslag til vedtak:

Ungdomsrådet innstiller NN ved Austrheim vidaregåande skule til å verte medlem i ungdomsrådet.

#### Ungdomsrådet - 023/19

##### U - behandling:

Saka vert utsett.

##### U - vedtak:

Det vart ikkje røysta over framlegget.



# Fedje kommune

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Signe Råheim	FE-033	20/70

Saksnr	Utval	Type	Dato
003/20	Ungdomsrådet	PS	03.02.2020

### Godkjenning av møtebok

Vedlegg:  
Protokoll - Ungdomsrådet - 13.11.2019

### Saksutgreiing:

### Forslag til vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent.



# Fedje kommune

## Møteprotokoll for Ungdomsrådet

**Møtedato:** 19.11.2019  
**Møtestad:** Møterommet på NAV  
**Møtetid:** 17:00 - 18:00

Frida Herøy er møteleiar

Møtedeltakarar	Parti
Amalie Henden Kleppe	
Frida Herøy	
Hanne Leah Waage Rognsvåg	
Maren G. Tunmland	
Marius Waage	
Ståle Opsahl	
Otto-Andre Nordby	H

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**  
Bjarte Villanger, Signe Råheim

---

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
020/19	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
021/19	Godkjenning av møtebok
022/19	Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2020 og økonomiplan 2020 - 2023
024/19	Aldersgrense på treningsrom/svømmebasseng
025/19	Arrangement
026/19	Psykisk helse på skulen
027/19	Referat frå fylkestinget for Vestland ungdom
028/19	Ope hallen
029/19	LAN

## **020/19: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

### **Behandling:**

Saka vart ikkje handsama.

### **Vedtak:**

---

## **021/19: Godkjenning av møtebok**

### **Behandling:**

Saka vart ikkje handsama.

### **Vedtak:**

---

## **022/19: Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2020 og økonomiplan 2020 - 2023**

### **Behandling:**

Ungdomsrådet ønskte garderobe og toalett på fotballbana. Representant for rådmannen fortalde at dei må ta kontakt med idrettslaget.

Ungdomsrådet ønskte at det skulle vore ein stad ungdommar kan vere i helgene.

Frida Herøy foreslo bygdekino. Maren G. Tunglund foreslo at bygdekinoen kan vere ein gong i månaden.

Ståle Opsahl foreslo stupebrett på badestranda.

Frida Herøy foreslo klatrevegg.

Amalie foreslo ny huske utanfor skulen.

### **Vedtak:**

Det vart ikkje røysta over framlegga som kom fram i ungdomsrådsmøtet.

---

## **024/19: Aldersgrense på treningsrom/svømmebasseng**

### **Behandling:**

Ungdomsrådet ønskte lågare aldersgrense på styrkerommet i hallen. Ungdomsrådet ønskte opplæring av f.eks. Åse Leivdal Kjølleberg. Rådmannen sin representant informerte om at aldersgrensa er satt til 16år grunna ansvar for utstyr.

### **Vedtak:**

Det vart ikkje røysta over framlegga.

---

## **025/19: Arrangement**

### **Behandling:**

Frida Herøy foreslo at ungdomsrådet kunne kjøpe inn pepperkakehus og at ungdommar kunne delta på arrangement der de deler seg inn i grupper for å dekorere pepperkakehus. Ungdomsrådet vart samd om å ha arrangement torsdag 28.november.

### **Vedtak:**

Ungdomsrådet vart samde om å ha arrangement med dekorering av pepperkakehus torsdag 28.desember kl.19.00 - 21.00.

---

## **026/19: Psykisk helse på skulen**

### **Behandling:**

Saka vert avslutta fordi psykisk helse skal opp som tema på skulen no snart.

### **Vedtak:**

Det vart ikkje røysta over framlegget.

---



## **027/19: Referat frå fylkestinget for Vestland ungdom**

### **Behandling:**

Frida fortalde om ungdommens fylkesting Vestland som ho og Hanne Leah Waage Rongsvåg var på. Ho fortalde om at dei vart delt inn i grupper og diskuterte saker.

### **Vedtak:**

Det vart ikkje røysta over saka.

---

## **028/19: Ope hallen**

### **Behandling:**

Ungdomsrådet ønskte å ha ope hall. Rådmannen sin representant informerte om at det er idrettslaget som har førsterett på hallen. Otto-Andre Nordby(H) foreslår at dei tek kontakt med idrettslaget.

Ungdomsrådet ønskte å få til ei ordning med vakt. Frida Herøy høyrer med Kristine Rossnes om kor tid hallen er ledig.

Ungdomsrådet foreslo at dei kan ha kiosk, biljardbord og bowling avhengig av kven av foreldrene som har vakt.

### **Vedtak:**

Ungdomsrådet vart samde om å utsette ope hall til vår 2020.

---

## **029/19: LAN**

### **Behandling:**

Ståle Opsahl forslår at det vert arrangert lan.

Frida Herøy foreslår å samarbeide med Austrheim om lan.

Saka vart utsett.

### **Vedtak:**

Saka vart utsett.

---



# Fedje kommune

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Signe Råheim	FE-033	20/70

Saksnr	Utval	Type	Dato
004/20	Ungdomsrådet	PS	03.02.2020

### Referatsaker

004/20.1. Bygdekino

### Saksutgreiing:

#### Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.



# Fedje kommune

Rådmannskontoret

Fedje Ungdomsråd v/Frida Herøy  
5947 FEDJE

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 20/60 - 20/525

Sakshandsamar:  
Signe Råheim  
signe.raheim@fedje.kommune.no

Dato:  
28.01.2020

## Bygdekino

Kommunestyret vedtok mellom anna i K-sak 097/19 Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2020 og økonomiplan 2020 - 2023:

«\*Bygdekino = 30 000kr.

Finansiering er å redusere overføring frå drift til investering. [...]»

Leiar fellestenester har vore i kontakt med bygdekinoen som sa at dei skulle sjå på det i mai, når dei legg planen for den kommande hausten.

Med helsing

Signe Råheim  
Konsulent arkiv og personal

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Fedje Ungdomsråd v/Frida Herøy

5947

FEDJE



## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Signe Råheim	FE-033	20/60

Saksnr	Utval	Type	Dato
005/20	Ungdomsrådet	PS	03.02.2020

### Bussruter

#### Saksutgreiing:

##### Bakgrunn

Leiar av ungdomsrådet ønskjer å ta opp bussrutene.

##### Vurdering

Det er i dag slik at ein må seie i frå på ferja at ein skal frå Sævrøy med bussen. Etter at ferjerutene vart lagd om ved nyttår, vart også bussrutane på linje 327 mellom Sævrøy ferjekai og Mastrevik torg også endra. I følgje dei nye rutene er det ei rute, der ferja kjem til Sævrøy ferjekai kl. 17.40 og bussen går frå Sævrøy ferjekai kl. 17.40, elles er det nokre minutter mellom ferja kjem inn og bussen går i følgje ruta. Viss bussane ikkje føl ruta, må dette meldast til skyss.

Etter at ferjerutene vart lagd om frå nyttår har ein måtte vente på Mastrevik torg, fordi linje 327 ikkje korresponderer med linje 326 og 330. Dette er noko skyss bør få meldingar frå ungdommar og andre som tek bussen. Det er lite truleg at dette vert endra før planlegging av rutene for hausten 2020.

Ungdomsrådet ønskjer at det går fleire bussar mellom Sævrøy ferjekai og Knarvik.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

#### Konklusjon

Ungdomsrådet ønskjer betre korrespondanse mellom ferje og buss og fleire bussavgangar frå/til Sævrøy ferjekai. Dette er noko som ungdomsrådet kan skrive til skyss om eller formidle til ordførar som vidareformidlar dei til skyss. Viss ein verkeleg vil ha merksemd om denne saka kan ungdomsrådet skrive lesarinnlegg i ei avis.

#### Forslag til vedtak:

Ungdomsrådet skriv om ynske om betre korrespondanse mellom ferje og buss og fleire avgangar frå/til Sævrøy kai til skyss eller formidlar ynska til ordførar som vidareformidlar dei til skyss.



## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Signe Råheim	FE-033	20/60

Saksnr	Utval	Type	Dato
006/20	Ungdomsrådet	PS	03.02.2020

### Ope hall

#### Saksutgreiing:

##### Bakgrunn

Leiar av ungdomsrådet ønskte å ta opp att saka om ope hall.

##### Vurdering

Ungdomsrådet må finne ut kva datoar og tider dei kan tenkje seg å leige hallen. Deretter må dei ta kontakt med Kristin Handeland og høyre om desse tidene er ledige.

Når ungdomsrådet har fått leige hallen, må dei ta kontakt med foreldre og få foreldre til å stille som vakter. I tillegg til dette må dei informere ungdommane om tilbodet, når det er klart.

##### Konklusjon

Ungdomsrådet må finne datoar og tider som passer for ungdomane. Dei må ta kontakt med Kristin Handeland for å finne ut om tidene og datoane er ledige.

Når ungdomsrådet har fått leige hallen, må dei ta kontakt med foreldre og få foreldra til å stille som vakter. I tillegg til dette må dei informere ungdomane om tilbodet, når det er klart.

#### Forslag til vedtak:

Ungdomsrådet må finne datoar og tider dei kan tenkje seg å leige hallen. Når dei har funne datoane må dei ta kontakt med Kristin Handeland for å finne ut om hallen er ledige.

Når dei har fått leige hallen, må ungdomsrådet ta kontakt med foreldre og få foreldre til å stille som vakter. Til slutt må dei sende ut informasjon om open hall til ungdommar på Fedje.



## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Signe Råheim	FE-033	20/60

Saksnr	Utval	Type	Dato
007/20	Ungdomsrådet	PS	03.02.2020

### Skuret på fotballbana

#### Saksutgreiing:

##### Bakgrunn

Ungdomsrådet har hatt denne saka oppe i ungdomsrådsmøte 15.10.2019 og ungdomsrådsmøte 19.11.2019. I det siste møte fortalde rådmannen sin representant at dei må ta kontakt med idrettslaget.

##### Vurdering

Viss ungdomsrådet ønskjer at skuret på fotballbana skal verte endra, må dei ta kontakt med idrettslaget.

##### Konklusjon

Ungdomsrådet tek kontakt med idrettslaget og fortel kva ynske dei har for skuret på fotballbana.

#### Forslag til vedtak:

Ungdomsrådet tek kontakt med idrettslaget og fortel kva ynske dei har for skuret på fotballbana.



## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Signe Råheim	FE-033	20/60

Saksnr	Utval	Type	Dato
008/20	Ungdomsrådet	PS	03.02.2020

### Tilbod om Street Dance

#### Saksutgreiing:

##### Bakgrunn

Det kom tilbod om Street Dance til kommunen som vart vidareformidla til skulen og ungdomsrådet.

##### Vurdering

Konsulenten ved skulen var i kontakt med Street Dance og fekk eit overslag over kva det ville koste at dei kom til Fedje. Diverre var overslaget over kva det ville koste for dyrt for Fedje skule. Difor takka Fedje skule nei til tilbodet frå Street Dance.

Viss ungdomsrådet ønskjer det, kan ungdomsrådet spørje kulturskulerektor om det er mogelegheiter for at dansetilbodet ved ein av dei andre kulturskulane i Nordhordland kan kome ein tur til Fedje. Dersom dette er mogeleg, må det undersøkjast kva dette vil koste og kor mange på Fedje som vil delta på eit slikt arrangement. Er dette noko ungdomsrådet ønskjer å bruke pengar på? Det er mogleg å ta inngangspengar på same nivå som ungdomsrådet har teke på party dei har hatt tidlegare.

Folkehelse  
Miljø  
Økonomi

#### Konklusjon

Street Dance kjem ikkje til Fedje grunna tilbodet var for dyrt. Dersom ungdomsrådet ønskjer det, kan dei ta kontakt med kulturskulerektor for å finne ut om det er mogelegheit for at dansetilbodet ved ein av dei andre kulturskulane i Nordhordland kan kome ut til Fedje og kva det vil koste.

#### Forslag til vedtak:

Street Dance kjem ikkje til Fedje grunna tilbodet var for dyrt. Dersom ungdomsrådet ønskjer det, kan dei ta kontakt med kulturskulerektor for å finne ut om det er mogelegheit for at dansetilbodet ved ein av dei andre kulturskulane i Nordhordland kan kome ut til Fedje og kva det vil koste.



## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Signe Råheim	FE-033	20/60

Saksnr	Utval	Type	Dato
009/20	Ungdomsrådet	PS	03.02.2020

### Nytt arrangement

#### Saksutgreiing:

##### Bakgrunn

Leiar av ungdomsrådet ønskjer å ta opp sak om nytt arrangement.

##### Vurdering

Ungdomsrådet planlegg nytt arrangement.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

#### Konklusjon

Ungdomsrådet planlegg nytt arrangement.

### Forslag til vedtak: